



Kviteseid kommune



Beredskapsplan for skuleeigar i samband med Covid-19 pandemien

Versjon 2
10.04.21

Innhald

Bakgrunn for planen	2
Føremål med planen.....	2
Målgruppe for planen	2
Ansvarsfordeling.....	2
Vedtak om tiltaksnivå og stenging.....	3
Ved smitteutbrot i skulen.....	4
Telefonliste ved beredskap	5
Smittevern tiltak for tilsette	5
Bruk av munnbind.....	6
Risikovurdering	6
Smitteverntiltak for dei tilsette på gult og raudt nivå.....	7
Oppfølging av sårbare barn.....	7
Barn og ungdom si rolle i utbrotet.....	8
Elevar og vaksne med symptom skal ikke møte på skule eller SFO.....	9
Skulane sine føresetnader for fjernundervisning	9
Bemanning ved sjukdom, karantene og fjernundervisning	9
Skuleskyss.....	10
Organisering av skulekvardagen på raudt nivå.....	10
Kontaktreduserande tiltak	0
Rutinar for god hygiene og forsterka reinhald	5

Bakgrunn for planen

Vi har for tida eit pandemiutbrot av Covid-19-viruset i Noreg og resten av verda. Dette påverkar samfunnet i stor grad. Det er ei målsetting for Regjeringa at skular, SFO og barnehagar skal kunne halde opent gjennom pandemiperioden. For å lukkast med dette, er det utvikla nasjonale smittevernrettleiarar. Smittevernrettleiarane baserer seg på ein trafikklysmodell, med tre nivå av smitteverntiltak på raudt, gult og grønt nivå. Eit av dei viktigaste tiltaket er at alle med symptom på luftvegsinfeksjon skal halde seg heime. I tillegg kjem kontaktraduserande tiltak, hygienetiltak og reinhaldstiltak. Kommunane er bedne om å utarbeide lokale planar som syner korleis skulane, SFO og barnehagane skal kunne endre tiltaksnivå basert på endringar i lokal smittesituasjon. Denne planen gjeld skule og SFO.

Føremål med planen

Planen skal uavhengig av nivå på smitteverntiltak sikre:

- eit godt opplæringstilbod og progresjon i alle elevar sitt læringsutbyte
- at skulane har god og oppdatert informasjon om smittesituasjonen, gjeldande regelverk og smittevernrettleiarar
- at skulane har tiltak for å førebygge smittespreiing

Målgruppe for planen

Planen er fyrst og fremst eit verktøy for skuleeigar og skuleleiing. Den er også informasjon for tilsette, elevar og føresette om skulen sitt arbeid med smittevern.

Ansvarsfordeling

Skuleeigar er ansvarleg for å sikre at drifta skjer i samsvar med gjeldande regelverk og etablere rutinar for internkontroll som sikrar at miljøet i skulen fremtar helse, trivsel, gode miljøforhold og gode sosiale forhold, samt førebygge sjukdom og skade.

Skuleeigar er ansvarleg for å sikre ei forsvarleg drift som tek omsyn til smittevern.

Skuleleiinga skal syte god kommunikasjon og opplæring til tilsette, elevar og foreldre, slik at dei forstår kvifor tiltaka er viktige.

Skuleeigar og skulen er ansvarlege for å finne dei beste løysingane lokalt, og må streve etter å oppnå eit best mogleg smittevern innanfor dei ulike tiltaksnivåa. På den måten kan både elevar, foreldre og tilsette vera trygge på smittevernet.

Personale har ansvar for å halde seg oppdatert på informasjon om lokal smittesituasjon og tiltak og gjennomføre undervisning og arbeidsoppgåver innanfor rammene tiltaka gjev.

Helse- og omsorgstenesta i kommunen har ansvar for oppfølging ved tilfelle og utbrot og for vurdering av tiltaksnivå i lys av lokal smittesituasjon.

Representantar for elevane (t.d. elevrådet) og dei tilsette (t.d. verneombod, tillitsvald) bør involverast i arbeidet med smittevernet. Same gjeld for FAU, samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet.

Skulen bør samarbeid med helsejukepleiar om smitteverntiltak og informasjon kring desse.

Vedtak om tiltaksnivå og stenging

Beredskapsrådet er kommunen si øvste kriseleiing. Dersom det skal fattast vedtak lokalt om kva for nivå (raudt, gult, grønt) skulen skal sette i verk tiltak etter, er det kommuneoverlegen i samarbeid med beredskapsrådet som gjer dette. Merk at det er nasjonalt regelverk som avgjer i kva grad det er høve til å fatte slike lokale vedtak.

Kommunalsjef skule og barnehage har ansvar for at skuleleiinga får beskjed om vedtaket og set i verk endringa.

I beredskapsrådet deltek:

Rådmann, ordførar, personalsjef, kommunalsjef helse og omsorg, kommunalsjef skule og barnehage, næringssjef, beredskapsleiar og kommuneoverlege.

Dersom vedtak om smittenivå blir fatta på nasjonalt nivå, er det kommunalsjef skule og barnehage som har ansvar for å innhente informasjonen, og syte for at skuleleiinga blir orientert og tiltak sette i verk.

Vedtak om stenging er regulert i Forskrift om smitteverntiltak mv. ved koronautbruddet (covid-19 forskriften):

§ 12c Kommunens myndighet til å stenge eller begrense aktivitet ved barnehager, skoler og andre utdanningsinstitusjoner

Kommunen kan fatte vedtak om stenging eller begrensning av aktivitet i en enkelt barnehage, skole, universitet, høyskole, fagskole eller annen utdanningsinstitusjon etter smittevernloven § 4-1 første ledd dersom det er nødvendig for å stanse pågående smittespredning. Slikt vedtak kan ikke fattes av kommunen som et generelt forebyggende tiltak.

Kommunen kan bare fatte generelt stengingsvedtak for barnehager, skoler universiteter, høyskoler, fagskoler eller andre utdanningsinstitusjoner i kommunen dersom det er stor smittespredning. Kommunene i en bo- og arbeidsmarkedsregion bør samarbeide om slike vedtak. Vedtakene skal godkjennes av Helsedirektoratet.

Med «kommunen» meinast her kommunestyre eller kommuneoverlegen.

Ved smitteutbrot i skulen

Det er foreldre som har ansvar for at elevar som har behov for det blir testa. Skulen sitt ansvar er at verken elevar eller tilsette med symptom på Covid-19 er på skulen. Dersom foreldre er i tvil om dei skal teste, skal dei kontakte legekontoret for ei vurdering.

Dersom elevar eller tilsette som er busett i Kviteseid kommune testar positivt for Covid-19, er det kommuneoverlegen som først vil få informasjon om dette. Kommuneoverlegen varslar beredskapsleiar. Beredskapsleiar varslar og kallar inn beredskapsrådet, mellom anna kommunalsjef skule og barnehage. Kommunalsjefen har ansvar for å varsle rektor som vidare har ansvar for å varsle resten av skuleleiinga, tilsette og føresette. Rektor deltek i beredskapsrådsmøtet og vurderer om andre frå skuleleiinga også bør delta.

Dersom tilsette som ikkje er busett i Kviteseid kommune testar positivt for Covid-19, skal dei straks gje beskjed til rektor om dette. Rektor skal straks informere kommunalsjefen, som igjen skal varsle beredskapsleiar. Beredskapsleiar har ansvar for å varsle og kalle inn beredskapsrådet og rektor.

Retningslinjer for første møte beredskapsrådet i ein smittesituasjon:

- Alle faste medlemmer skal delta
- Beredskapsleiar leiari møtet
- I møtet skal kommuneoverlegen få all informasjon ho treng frå skulen for å sette i verk smittesporingsarbeidet og karantene
- Kommuneoverlege avgjer kva slags tiltaksnivå (gult eller raudt) skulen skal sette i verk. Dersom raudt nivå, krev dette ein dag med stengt skule til førebuing.
- Skulen skal få høve til drøfte problemstillingar kring smittevern og drift i fasen vi går inn i
- Møtet blir eining om informasjonen som skal ut til publikum på heimeside, FB og presse. Det er kommuneoverlegen som har ansvar for innhaldet.
- Avtale tidspunkt for neste møte

Etter beredskapsmøtet held skuleleiinga fram med fagmøte. Kommunalsjef, rektor og alle avdelingsleiarar deltek på møtet. Andre etter behov. Kommunalsjef skule og barnehage leiari møte.

Tema på møte:

- Avgjere og sende ut informasjon til dei ulike gruppene, foreldre/elevar og tilsette (sjå malar for dette)
- Ev. informasjon på skulen si FB-side
- Vurdere om enkelte tilsette eller heimar har behov for særskilt oppfølging

- Ved raudt nivå: drøfte korleis sårbare elevar skal bli ivaretatt
- Ved raudt nivå: førebu den komande planleggingsdagen med lærarane

Tilsette og føresette vil i få denne meldinga frå rektor (med etterhald om ev. tilpassing til den aktuelle situasjonen):

«Det er påvist Covid-19 smitte ved Kviteseid skule/Brunkeberg oppvekstsenter. Naudsynte tiltak og smittesporing er sett i gang. Partar som blir omfatta av tiltak og smittesporing vil bli kontakta direkte. Dersom du ikkje blir kontakta direkte, møter du på skulen som normalt. Meir informasjon vil følgje.»

Det er helse- og omsorgstenesta som avgjer kven som blir omfatta av karantene jf. til ei kvar tid gjeldande reglar. Elevar som blir sett i karantene skal få undervisning. Lærarar som blir sett i karantene, men er friske, må rekne med å undervise digitalt.

Kviteseid kommune vil sende ei pressemelding om situasjonen. Det er i utgangspunktet ordførar og kommuneoverlege som skal handsame spørsmål frå pressa. Rektor og skulen sitt ansvar i situasjonen er å syte for undervisninga og dei elevane. Det er kommuneoverlegen og helse- og omsorgstenesta sitt ansvar å syte for smittesporing og situasjonen kring smitteutbrotet.

Telefonliste ved beredskap

Stilling	Namn	Telefonnummer
Kommuneoverlege	Kine Jordbakke	959 26 844
Beredskapsleiar	Tarjei Gjelstad	952 41 315
Rådmann	Øystein Tveit	900 86 575
Kommunalsjef skule og barnehage	Ingunn Haugland	924 24 086
Rektor	Sigrun Kvamme	971 26 736
Avdelingsleiar 1.-7. trinn Kviteseid skule	Odd-Arne Thorbjørnsen	908 39 469
Avdelingsleiar 8.-10. trinn Kviteseid skule	Rita Aafløy Bredesen	476 40 909
Avdelingsleiar Brunkeberg oppvekstsenter, skule	Anne Torunn Øvrebø	913 60 150

Smittevern tiltak for tilsette

Tilsette må halde ein meters avstand til andre tilsette gjennom heile arbeidsdagen. Dei må vera særleg merksam på fellesområde og kontor kor ein oppheld seg i lengre periodar. Dess fleire som møtast og definerast som nærkontaktar, dess fleire bli omfatta av ei eventuell karantene, og eit eventuelt smitteutbrot kan bli større enn naudsynt.

Kontaktar og nærkontaktar er to ulike kategoriar:

- Nærkontakt blir bruka for å definere kven som skal i karantene og må teste seg ved eit påvist smittetilfelle. Definisjonen av nærkontaktar er mellom anna personer som har vore i mindre enn 2 meters avstand frå den smitteførande personen i meir enn 15 minutt.
- Ein kontakt er en person som har vore i nærleiken av ein smitta person, men som ikkje fell i kategorien nærkontakt og har liten risiko for å bli smitta.

Behovet for å vera tilstade på arbeidsplassen utanom undervisning vurderast opp mot smittesituasjonen på gult og raudt nivå. Gjennomføring av møter fysisk eller digitalt blir også vurdert opp mot smittesituasjonen. Ved gjennomføring av fysiske møte, må ein halde kravet til avstand.

Bruk av munnbind

Korrekt bruk av medisinsk munnbind eller godkjent tøymunnbind kan bidra til å redusere smitte frå person som er smitta med koronaviruset, men beskyttar i mindre grad brukaren mot smitte. Munnbind er mindre effektivt enn andre smittereduserande tiltak, som å halde avstand og å halde seg heime når ein er sjuk.

Dersom det skal være aktuelt å bruke munnbind for tilsette, bør det:

1. Vera ei generell tilråding om bruk av munnbind i kommunen og
2. Vera gult eller raudt tiltaksnivå i skulen, og
3. Vera ein situasjon kor det ikkje er mogleg å halde avstand til andre i personalet på skulen.

Munnbind skal ikkje brukast i undervisningssituasjonen. Elevar i barneskulen skal ikkje bruke munnbind. Elevar på ungdomsskulen kan bruke munnbind, men dette må vera friviljug.

Risikovurdering

<i>Uønska hending (Kva kan gå gale?)</i>	<i>Årsak til at hendinga kan skje</i>	<i>Konsekvens, dersom det skjer</i>	<i>Tiltak vi har på plass for å redusere risiko</i>	<i>Sannsyn (Liten, middels, stor)</i>	<i>Konsekvens (Liten, middels, stor)</i>	<i>Risiko</i>
Trengsel på personalrommet	-For mange har pause samstundes -Dårleg informasjon	-Smittespreiing -Mange blir nærkontaktar (karantene)	-Informasjon til tilsette -Plassering av bord og stolar	Medium	Medium	High
For lite avstand ved gjennomføring av møter	-Fysiske møter -Mange deltarar frå fleire team	-Smittespreiing -Mange blir nærkontaktar (karantene)	-God plass, kan også bruke klasserom til møter -Informasjon	Liten	Medium	Low

Nærkontakt mellom tilsette på jobb	Mange tilstade samstundes på skulen etter undervisning	-Smittespreiing -Mange blir nærkontaktar (karantene)	-Informasjon -God plass til å halde avstand etter skuletid	Medium	Medium	
------------------------------------	--	---	---	--------	--------	--

RISIKO	Liten konsekvens	Middels konsekvens	Stor konsekvens
Lite sannsyn			
Middels sannsyn			
Stort sannsyn			

Smitteverntiltak for dei tilsette på gult og raudt nivå

Gult nivå

Personalrommet

- Tal på kor mange som kan vera på rommet samstundes. Oppslag om dette.
- Oppmode til å bruke kantineområdet (Kviteseid skule)
- Oppslag om smittervern og reglar knytt til personalrommet

Gjennomføring av møter

- Trinnmøter gjennomførast fysisk, i klasserom med min. 1 meter avstand
- Fellesmøter (alle trinn) gjennomførast på teams

Raudt nivå

Personalrommet

- Ingen skal sitte på personalrommet, alle skal sitte i kantineområdet med to meter avstand (Kviteseid skule). Oppslag om dette.

Gjennomføring av møter

- Både trinnmøter og fellesmøter gjennomførast på teams

Tiltak for å minske nærkontakt

- Planlegging og anna kontorarbeid gjennomførast heime
- Brunkeberg oppvekstsenter: Det blir lagt til rette for å kunne bruke munnbind i personalavdelinga.

Oppfølging av sårbare barn

Når skulen er stengt eller har redusert tilbod på grunn av tiltak etter smittevernlova/ covid-19 forskrifta, skal skuleigar syte for eit tilbod på skulen for elevar som har eit særleg behov som ikkje kan ivaretakast i slike tilfelle. Dette kan til dømes vere aktuelt for elevar som får spesialundervisning. I tillegg kan det vere elevar som ikkje kan ivaretakast når skulen er stengt eller har redusert tilbod, til dømes barn som lever under vanskelege familieforhold. Det er også viktig å vere merksam på barn som under normale forhold ikkje ville vore utsett.

Skulen ved rektor har ansvar for at det til ei kvar tid ligg føre ei oppdatert oversikt over elevar som skal få eit skuletilbod ved stenging, og kven som eventuelt skal få eit utvida tilbod enn det klassa får på raudt nivå.

Foreldre skal ikkje behøve å be om eit et slikt tilbod, skule skal tilby det utan oppmoding.

Skulehelsetenesta skal vere tilgjengeleg på grønt, gult og raudt tiltaksnivå for å kunne følge opp barn og ungdom.

Barn og ungdom si rolle i utbrotet

Covid-19 kjem av viruset SARS-CoV-2, kalla koronavirus. Viruset kan føre til luftvegsinfeksjon av varierande grad av alvor. Nye, meir smittsame virusvariantar har etablert seg i Noreg. Særleg varianten av viruset som fyrst blei funnen i England har fått stor utbreiing. Viruset tåler ikkje såpe og vatn, heller ikkje desinfeksjon med alkohol eller temperaturar over 60°C. I tillegg blir viruset raskare inaktivert utandørs.

Viruset smittar hovudsakeleg via dråpesmitte kor virus frå luftvegane til ein sjuk eller smitta person spreier seg med små dråpar, til dømes ved hosting og nysing, og vidare til ein annan persons luftvegar.

Barn smittar vidare omtrent halvparten så ofte som vaksne, også for nye virusvariantar. Ungdom smittar vidare i større grad enn barn, men i mindre grad enn vaksne. Barn og unge smittast oftast innan eigen husstand, deretter på private treff eller i barnehage/skule.

Smitte i skular og barnehagar blir reflektera av smitte i samfunnet. Det vil seie at når smitten aukar i samfunnet, aukar også smitten hos barn og unge. Tiltak i samfunnet fører derfor til å kontrollere epidemien for at skuler kan vera opne. Med nye, meir smittsame virusvariantar er det større sannsyn for tilfelle i barnehagar og skular sidan variantane er meir smittsame i alle aldersgrupper. Når andre aldersgrupper har svært strenge reglar for sosial kontakt, vil skular og barnehagar vere eit av få stader kor menneske møtast.

Det er først og fremst personar med symptom som er smittsame, og ein er mest smittsam i det ein utviklar symptom. Dei fleste barn og unge får mild sjukdom, og ei trur at 20-50% har infeksjon utan symptom. Barn har mindre symptom enn vaksne, og vil derfor vere mindre smittsame. Ungdommar blir sjuke i større grad enn barn, men fortsatt i mindre grad enn vaksne. Den engelske virusvarianten er meir smittsam i alle aldersgrupper, men aldersfordelinga svarar til det ein kjenner frå tidligare variantar.

Elevar og vaksne med symptom skal ikkje møte på skule eller SFO

Covid-19 viruset er mest smittsamt ved symptom. Symptom på sjukdomen er liknande som ved andre luftvegsinfeksjonar, slik som sår hals, hoste, feber og sjukdomskjensle. Det er derfor svært viktig at personar med luftvegssymptom i pandemiperioden ikkje møter på skule og SFO.

Tiltak:

- Alle med symptom på luftvegsinfeksjon skal halde seg heime frå skule og SFO. Dette gjeld også tilsette. Det skal vera låg terskel for dette.
- Føresette med symptom på luftvegsinfeksjon skal ikkje bringe eller hente til skule eller SFO
- Skulen i samband med skulehelsetenesta skal syte for jamleg informasjon til heimane kring dette og andre smitteverntiltak
- Elevar med symptom på luftvegsinfeksjon på skule eller SFO skal alltid sendast heim jf. smittevernrettleiaren. Det skal vera låg terskel for dette.

Skulane sine føresetnadene for fjernundervisning

Alle elevar og lærarar ved skulen i Kviteseid har 1:1 nettbrett. Dette gjer føresetnadene for fjernundervisning gode. Nettdekning i heimane erfarte vi under skulestenginga våren 2020 at i stor grad er god.

Vi har Teams slik at vi mellom anna har moglegheit for videokonferanse med elevane. Vi brukar Showbie, og Skooler for dei eldste elevane, som verktøy for m.a. oppgåvedeling.

Vi har to ressurslærarar i delstilling som digitalpedagogar. Digitalpedagogane skal vera støtte for lærarane i å ta i bruk digitale verktøy i undervisninga. For kommunikasjon med heimane tok vi våren 2020 i bruk foreldreportalen i Visma Flyt skule. Skulen brukar også heimesidene til kommunen aktivt for å dele informasjon.

Bemanning ved sjukdom, karantene og fjernundervisning

Bemanning ved mange tilsette borte grunna sjukdom eller karantene er ei utfordring.

Tilgangen på vikarar er heller låg, og stort sett er vikarane ufaglærte eller under utdanning.

Ved mange tilsette borte frå skulen, kan det vera utfordrande å oppretthalde smitteverntiltak grunna bemanningssituasjonen. Dersom vi kjem i ein slik situasjon, kan det vera ei midlertidig løysing å gje nokre klasser fjernundervisning, og/eller ha oppmøte til ulike tider for klasser. Det kan og vera aktuelt at elevar i større grad jobbar etter arbeidsplan. Dette vil ikkje vera ein optimal situasjon, men ei mogleg løysing i ein krisesituasjon. I utgangspunktet skal alle elevar møte som normalt på skulen.

Skuleskyss

Det er Vestfold og Telemark fylkeskommune som er ansvarleg for skuleskyssen. Vy er transportør.

Som eit kontaktreduserande tiltak på «raudt nivå», blir føresette oppmoda til å stå for skuleskyssen sjølve, i den grad det er mogleg. Erfaring viser at ikkje så mange som ynskjeleg melder tilbake at dei har høve til dette. Dersom det skulle bli behov for det, kan søsken eller barn i same klasse/kohort sitje ved sidan av kvarandre på bussen.

Vy har utarbeida eigne rutinar for smittevern på skulebussane.

På «gult nivå» skal alle elevar ha eit fulltidstilbod på skulen. Elevar som treng skuleskyss, skal få dette. Det tyder at retten til skuleskyss går framfor avstandskravet som elles gjeld for kollektivtrafikken. Dette gjeld også på raudt nivå. Dersom det er mogleg å legge til rette for, bør søsken eller barn i same klasse/kohort dele sete.

På «grønt nivå» går skuleskyssen som normalt.

Organisering av skulekvardagen på raudt nivå

Skulane vil trenge ein dag stengt for å førebu raudt nivå. Dette gjeld alle trinn og skular.

1.-4. trinn både på Kviteseid skule og Brunkeberg oppvekstsenter skal ha eit fulltidstilbod på skulen. Dei er under 15 elevar på alle trinn, og ei klasse kan vera ein kohort.

5. trinn vil bli delt i to kohortar. Klassa er stor, og har lærarressursar til å følgje opp både kohortane. 5. trinn vil derfor ha fem dagar i veka på skulen.

6. trinn og 7. trinn vil også bli delt i to kohortar kvar. I utgangspunktet vil både trinn ha fem dagar i veka på skulen, men det kan også bli aktuelt med noko heimeskule. Dette kjem m.a. an på smittesituasjonen og kor mange lærarar og andre tilsette som er tilgjengelege. Det kan vera ei løysing å nytte musikkrommet i Kviteseidhallen som klasserom for ein kohort.

På ungdomstrinnet vil 10. trinn bli prioritert for oppmøte på skulen. Dei er 17 elevar, og det er mogleg å halde avstand. Dei vil derfor reknast som ein kohort. Dei vil ha fire dagar på skulen og heimeskule på fredagar. 8. og 9. trinn vil bli delt i to kohortar kvar. Dei vil alternere mellom heimeskule og oppmøte på skulen.

For å hindre nærbondkontakt i friminutt, vil ein ta i bruk «gå-rundar» på nokre kohortar og ein vil også nytte området ved Kviteseidhallen.

Kontaktreduserande tiltak

Barneskulen

	Nasjonal rettleiar	Lokal tilrettelegging	
		Brunkeberg	Kviteseid
GRØNT	<ul style="list-style-type: none"> - Vanleg organisering av skulekvardagen - Tilsette skal unngå handhelsing, klemming og anna fysisk kontakt -Hald avstand til andre tilsette -Følg nasjonale anbefalingar for smittevern 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette blir minna om å unngå handhelsing, klemming og anna fysiske kontakt og å halde avstand til kvarandre. -Alle skal følgje nasjonale anbefalingar for smittevern 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette blir minna om å unngå handhelsing, klemming og anna fysiske kontakt og å halde avstand til kvarandre. -Alle skal følgje nasjonale anbefalingar for smittevern
GULT	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette skal unngå handhelsing, klemming og anna fysisk kontakt -Hald avstand til andre tilsette - Heile klasser reknast som ein kohort. Elevane skal ha faste plassar i klasserommet. Vanleg åtferd i klasserommet. - Tilsette kan veksle mellom klasser - Trinnvise kohortar på SFO - Unngå trengsel og store samlingar - Tilstrebe å ha eigne område i skulegarden for ulike klasser i friminutta 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette skal unngå handhelsing, klemming og anna fysiske kontakt og å halde avstand til kvarandre. -1+2 klasse og 3+4 klasse er saman tilnærma som normalt. Det er ikkje naudsynt med ein meter mellom elevane, men elevane skal sitja ein og ein på kvar sin pult og ha faste plassar. -Dei vaksne skal halde avstand til elevane i den grad det lar seg gjere. -Tilsette følgjer ordinær timeplan -Elevane følgjer same kohortar som på skulen. Tilrå å vere mykje ute. Ute kan kohortar samarbeide. Dei tilsette held avstand seg i mellom. -Organisere inngangen slik at ein unngår trengsel. 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette skal unngå handhelsing, klemming og anna fysiske kontakt og å halde avstand til kvarandre. -Klassa kan vera saman tilnærma som normalt. Det er ikkje naudsynt med ein meter mellom elevane, men elevane skal sitja ein og ein på kvar sin pult og ha faste plassar. -Dei vaksne skal halde avstand til elevane i den grad det lar seg gjere. -Tilsette følgjer ordinær timeplan -Følgje skulen sine kohortar i den grad det lar seg gjere. Ev. 1+2 og 3+4 saman. Tilrå å vera mykje ute. Dei tilsette held avstand seg i mellom. -Organisere inngangen slik at ein unngår trengsel. - Tilstrebe å ha eigne område i skulegarden for ulike klasser i friminutta. Vurdere om 1+2 og 3+4 kan dele område.

	<ul style="list-style-type: none"> -Uteskule anbefalast -Elevane bør ete saman med klassa si (same kohort) 	<ul style="list-style-type: none"> -Lærarane blir oppmoda til å lage undervisningsopplegg som kan gjennomførast ute. -Elevane et i klasserommet. 	<ul style="list-style-type: none"> -Lærarane blir oppmoda til å lage undervisningsopplegg som kan gjennomførast ute. -Elevane et i klasserommet.
RAUDT	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette skal unngå handhelsing, klemming og anna fysisk kontakt -Hald avstand til andre tilsette -Følg nasjonale anbefalingar for smittevern -Dele klasser inn i mindre kohortar. Klasser på over 15 elevar bør delast. 1.-4. trinn skal ha eit heildagstilbod på skulen. -Tilstrebe avstand mellom elever/tilsette. Også mellom elevar i same kohort på 5.-7. trinn -Faste lærarar til kvar kohort så langt det er mogleg -Tilstrebe same kohortar på SFO som i skulen -Unngå trengsel og store samlingar -Ha eigne område i skulegarden for ulike klasser i friminutt for å minske kontakt mellom ulike kohortar 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette skal unngå handhelsing, klemming og anna fysiske kontakt og å halde avstand til kvarandre. -Alle skal følgje nasjonale anbefalingar for smittevern -1+2 klasse og 3+4 klasse er saman. Det skal vera ein meter mellom elevane i klasserommet. -Oppmode til uteskule i den grad det det er eit godt pedagogisk val. -Dei vaksne skal halde avstand til elevane. Trøyst og omsorg som normalt. -Tilsette sin timeplan blir tilpassa, slik at dei vaksne i størst mogleg grad følgjer ein kohort -Elevane følgjer same kohortar som på skulen. Tilrå å vere mykje ute. Ute kan kohortar samarbeide. Dei tilsette held avstand seg i mellom. -SFO-tilbod på onsdagar utgår, ev. tilbod annankvar veke. -Organisere inngangen slik at ein unngår trengsel. -Eigne område på uteområdet for dei to kohortane 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette skal unngå handhelsing, klemming og anna fysiske kontakt og å halde avstand til kvarandre. -Alle skal følgje nasjonale anbefalingar for smittevern - På 1.-4. trinn er klassa ein kohort. 5.-7. trinn delast. Sjå eige avsnitt i denne planen om dette. -Oppmode til uteskule i den grad det det er eit godt pedagogisk val. -Dei vaksne skal halde avstand til elevane. Trøyst og omsorg som normalt. Elevar på 5.-7. trinn blir oppmoda om å halde avstand til kvarandre. - Tilsette sin timeplan blir tilpassa, slik at dei vaksne i størst mogleg grad følgjer ein kohort -Følgje skulen sine kohortar i den grad det lar seg gjøre. Ev. 1+2 og 3+4 saman. Tilrå å vera mykje ute. Dei tilsette held avstand seg i mellom. -SFO-tilbod på onsdagar utgår, ev. tilbod annankvar veke. - Organisere inngangen slik at ein unngår trengsel. -Eigne område i skulegarden for kohortane. Ev gåtturar eller bruk av området ved hallen. Bør merkast opp.

	<ul style="list-style-type: none"> -Elevane et saman med sin kohort -Smittevern i praktisk-estetiske fag 	<ul style="list-style-type: none"> -Elevane et saman med sin kohort i klasserommet -Sjå rettleiaren for gjennomføring av kroppsøving, musikk, mat og helse og kunst og handverk 	<ul style="list-style-type: none"> -Elevane et saman med sin kohort i klasserommet -Sjå rettleiaren for gjennomføring av kroppsøving, musikk, mat og helse og kunst og handverk
--	--	---	---

Ungdomsskulen

	Nasjonal rettleiar	Lokal tilrettelegging
GRØNT	<ul style="list-style-type: none"> - Vanleg organisering av skulekvardagen - Tilsette skal unngå handhelsing, klemming og anna fysisk kontakt -Hald avstand til andre tilsette -Følg nasjonale anbefalingar for smittevern 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette blir minna om å unngå handhelsing, klemming og anna fysiske kontakt og å halde avstand til kvarandre. -Alle skal følgje nasjonale anbefalingar for smittevern
GULT	<ul style="list-style-type: none"> -Tilsette og elevar skal unngå handhelsing, klemming og anna fysisk kontakt -Hald avstand til andre tilsette -Følg nasjonale anbefalingar for smittevern - Klassa reknast som ein kohort - Tilsette kan veksle mellom kohortar - Ved byte av klasserom, bør elevar desinfisere eller vaske hender - Blanding av kohortar skal skje minst mogleg - Dersom fleire klasser blandast i nokre fag, bør dei ha faste plassar - Elevane bør ha fast pult/arbeidsplass - Vanleg bevegelse i klasserommet er lov - Unngå større samlingar og trengsel - Elevane blir oppmoda til å halde avstand i friminutta - Elevane skal ikkje dele mat og drikke og bør eta ved kvar sin pult - Begrens deling av læringsmateriell og utstyr -Opplæring i språkfag, arbeidslivsfag og valfag gjennomførast i tråd med råd i smittevernrettleiaren. 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette og elevar skal unngå handhelsing, klemming og anna fysiske kontakt og å halde avstand til kvarandre. -Alle skal følgje nasjonale anbefalingar for smittevern - Klassa er ein kohort - Tilsette følgjer ordinær timeplan - I fag kor fleire klasser er samla, skal elevane ha faste plassar - For å unngå trengsel bør ein vurdere å nytte fleire inngangsdører - Elevane blir oppmoda til å halde avstand i friminutta -Elevane et i klasseromma - Begrens deling av læringsmateriell og utstyr - Skuleleiinga har ansvar for at faglærarar til ei kvar tid er kjent med smittevernrettleiaren.

	<p>-Kroppsøving, musikk, mat og helse og kunst og handverk gjennomførast i tråd med smittevernrettleiaren.</p>	<p>-Skuleleiinga har ansvar for at faglærarar til ei kvar tid er kjent med smittevernrettleiaren.</p>
RAUDT	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette og elevar skal unngå handhelsing, klemming og anna fysisk kontakt -Hald avstand til andre tilsette -Følg nasjonale anbefalingar for smittevern - Elevane delast inn i mindre kohortar, dersom klassestorleiken er over 15 elevar. -Elevena bør ha ein meters avstand mellom pultane, men det er ikkje naudsynt å begrense vanleg bevegelse i klasserommet. -Kohortar bør i minst mogleg grad bytte klasserom. Tilsette kan bytte klasserom. - Unngå større samlingar og trengsel - Ved fysisk plassmangel i skulen, kan alternerande dagar, ulike oppmøtetider og større, alternative lokaler vurderast. - Elevane må minnast på å halde ein meter avstand i friminutt. - Elevane skal ikkje dele mat og drikke og bør eta ved kvar sin pult, ikkje i kantine. - Begrens deling av læringsmateriell og utstyr så mykje som mogleg -Tilsette skal så langt det er mogleg halde ein meter avstand til elevane. Trøyst og omsorg gjennomførast som vanleg. -Opplæring i språkfag, arbeidslivsfag og valfag gjennomførast i tråd med råd i smittevernnetteliaren. 	<ul style="list-style-type: none"> - Tilsette og elevar skal unngå handhelsing, klemming og anna fysiske kontakt og å halde avstand til kvarandre. -Alle skal følgje nasjonale anbefalingar for smittevern - 10. trinn er ein kohort. 8. og 9. trinn delast. Sjå eige avsnitt i denne planen om organisering av skuledagen. - Elevane skal ha ein meter avstand mellom pultane, men det er ikkje naudsynt å begrense vanleg bevegelse i klasserommet. - Klassa held seg i størst mogleg grad på same klasserom -Lærarar kan få endring i timeplanen for i størst mogleg grad å følgje same kohort, når det er mogleg. -For å unngå trengsel, bør ein nytte fleire inngangsdører og /eller stille opp ute. -Sjå eige avsnitt i denne planen om korleis ein har tenkt å løyse dette. - Elevane skal halde ein meter avstand i friminutta. Friminutt skal gjennomførast ute. Fleire område blir tatt i bruk. Gåturar blir innført. - Elevane skal ete i klasserommet, ved pulten sin. Elevane skal ikkje dele mat og drikke. - Begrens deling av utstyr - Tilsette skal halde avstand til elevane -Skuleleiinga har ansvar for at faglærarar til ei kvar tid er kjent med smittevernrettleiaren.

	-Kroppsøving, musikk, mat og helse og kunst og handverk gjennomførast i tråd med smittevernrettleiaren.	-Skuleleiinga har ansvar for at faglærarar til ei kvar tid er kjent med smittevernrettleiaren.
--	---	--

Rutinar for god hygiene og forsterka reinhald

Barne- og ungdomsskulen

	Nasjonal rettleiar	Lokal tilrettelegging
GRØNT	<ul style="list-style-type: none"> -Ordinære rutinar for reinhald -God handhygiene på rett måte til rett tid -Hoste/nyse i albuekroken eller i tørkepapir 	<ul style="list-style-type: none"> -Følgje ordinær reinhaldsplansplan for skulebygget -Elevar og tilsette blir minna om god handhygiene og det er oppslag om dette i bygget -Elevar og tilsette blir minna om god hoste/nysehygiene og det er oppslag om dette i bygget
GULT	<ul style="list-style-type: none"> -God handhygiene på rett måte til rett tid -Hoste/nyse i albuekroken eller i tørkepapir <p><i>Forsterka rutinar for reinhald:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Toalett og vaskeservantar må reingjerast minimum dagleg -Eingongspapirhandkle og såpe skal vera tilgjengeleg -Spisebord vaskast med vatn og såpe etter bruk -Dørhandtak, trappegelender, stolar o.l. reingjerast minimum dagleg. -Pult arbeidsplass reingjerast dagleg. -Nettbrett, tastatur/datamaskin og anna utstyr som delast vaskast etter bruk, minimum dagleg. -Det er ikke naudsynt å bruke desinfeksjonsmiddel <p><i>Barneskulen:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Redusere talet på leiker og materiell innandørs -Leiker og materiell som berre nyttast av ein kohort treng ikkje dagleg reingjering 	<p><i>Elevane skal vaske eller desinfisere hender:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Når dei kjem på skulen, -før måltid, - etter toalettbesøk, - vaske ved synleg skitne hender, - etter å ha pussa nesa, - ved byte av klasserom -Rutinar som syter for at det alltid er såpe og tørkepapir tilgjengeleg ved alle handvaskar -Tilgjengeleg desinfisering i alle klasserom, på lærarrommet og i kantina -Elevar og tilsette blir minna om god hoste/nysehygiene og det er oppslag om dette i bygget -Reinhald utarbeider eigne planar for forsterka reinhald i tråd med tilrådingane i smittevernrettleiaren. <p>-Vurdere kor mykje leiker og materiell som treng å vera framme</p> <p>- Fordеле leiker og materiell på klassene, og ev. byte etter helg.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - I staden for reingjering, kan leiker og materiell i «karantene» i 2-3 dagar før dei brukast av ein annan kohort. -Tøyleiker og tekstilar vaskast som anvist, om ikkje må dei ryddast bort. 	
RAUDT	<p>-God handhygiene på rett måte til rett tid.</p> <p>-Hoste/nyse i albuekroken eller i tørkepapir</p> <p><i>Forsterka rutinar for reinhald:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Toalett og vaskeservantar må reingjerast minimum dagleg -Eingongspapirhandkle og såpe skal vera tilgjengeleg -Spisebord vaskast med vatn og såpe etter bruk -Dørhandtak, trappegelender, stolar o.l. reingjerast minimum dagleg. -Pult arbeidsplass reingjerast dagleg. -Nettbrett, tastatur/datamaskin og anna utstyr som delast vaskast etter bruk, minimum dagleg. -Det er ikkje naudsynt å bruke desinfeksjonsmiddel <p><i>Barneskulen:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Redusere talet på leiker og materiell innandørs -Leiker og materiell som berre nyttast av ein kohort treng ikkje dagleg reingjering - I staden for reingjering, kan leiker og materiell i «karantene» i 2-3 dagar før dei brukast av ein annan kohort. -Tøyleiker og tekstilar vaskast som anvist, om ikkje må dei ryddast bort. 	<p><i>Elevane skal vaske eller desinfisere hender:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Når dei kjem på skulen, -før måltid, - etter toalettbesøk, - vaske ved synleg skitne hender, - etter å ha pussa nesa, - ved byte av klasserom -Rutinar som syter for at det alltid er såpe og tørkepapir tilgjengeleg ved alle handvaskar -Tilgjengeleg desinfisering i alle klasserom, på lærarrommet og i kantina -Elevar og tilsette blir minna om god hoste/nysehygiene og det er oppslag om dette i bygget -Reinhald utarbeider eigne planar for forsterka reinhald i tråd med tilrådingane i smittevernrettleiaren. <p>-Vurdere kor mykje leiker og materiell som treng å vera framme</p> <p>- Fordеле leiker og materiell på klassene, og ev. byte etter helg.</p>